

Informasjon frå NC koordinatoren 2026.

Til alle klubber og tillitsvalgte i NHF ++

Det nærmar seg oppstart av dei terminfesta stemna i sesongen 2026.

Arrangøren må senda stevne innbydelsen til meg så snart denne er klar slik at denne kan bli lagt inn på terminlista for 2026 på resultatsida : <http://resultater.hesteskokasting.no>

På same nettsida finn du startkort og resultatlistar for 2026 under «diverse» startkort/skjema. Det er også lagt ut egen resultatliste som SKAL brukast for SNC stemner. Her ligg også endringsforslaget til regel 49 SNC i Norgescupen som blei vedtatt på årsmøtet i februar 2025, samt «huskeliste» til arrangører av SNC stemner. Klubbar som arrangerer SNC stemner må huske å melde frå seinast 3 dagar før SNC stemnet til NC koordinatoren. (Bruk gjerne vedlagt excel liste).

Excel listene som skal brukast som resultatlistar ligg også blant skjema for nedlastning, har på eget ark i denne lagt inn alle kastere som deltok i norgescupen 2025, her kan klubbane spare mykje arbeid dersom dei kopierer inn navn og klubb på arket for startliste/resultatliste, ein unngår då også mykje feilstavingar i namna på kastarane.

Det ligg ute også ei resultat liste som er for 4 manns lag.

Når stemna er ferdig skal resultatlista sendes snarast til NC koordinatoren og Sondre, resultat-nettsida blir då oppdatert så fort som det er mulig.

Etter terminfesta stemner skal klubbane betale stemneavgift og NC avgift til forbundet, det er laga ein excel mal som med fordel kan brukast til utrekning/bilag for dette, denne kan lastast ned frå resultatsida. Filnavn er: «Mal arrangementavgift til NHF-2026.xls», legg inn stemna i excel dokumentet med deltakere i kvar klasse, dersom det er eit stemne med NM øvelse, skal æresmedlemmer i NHF ikkje betale startkontingen, klubben skal då heller ikkje betale avgifter for denne til forbundet, dette tek excel malen høgde for, slik at summen blir rett. **Send arket til kassereren i forbundet når det er utfylt, då har han dette som bilag/kontroll mot innbetalinga klubben sender inn.**

NB: I 2026 er det ikkje klasse 2 kastere, men det er innført ei ordning der nybegynnere får kaste med et handicap på 8 skårpoeng innleiande i DNC og NC stemner som avvikles etter Gloppen eller Nordhordlandsmetoden. Det skal ikkje innbetales stemne og NC avgifter for nybegynnere i 2026, dette tek også malen for avgifter høgde for.

Klubbar som ønskjer at lokale «klubbstemner» skal registrerast på resultatsida med resultater i rekordar kongelag og X kast minimatch, halvmatch eller heimatch, må vera merksam på bestemmelsane i kapittel 9.99 i handboka om at slike stemner skal av arrangøren meldast frå om til NHF (NC-koordinatoren og leiaren i styret) minst 1 dag på førehand for at stemna kan registrerast/godkjennast. **Det må dessutan vera minst 6 deltakere som deltek.**

(Registreringsavgifta for «klubbstemner» blei på årsmøtet i 2023 endra til kr. 100,- for 6-9 deltakere og kr. 200,- for 10 deltakere eller meir.)

Kassereren i forbundet sender ved slutten av året faktura til klubbane på dette.

Dersom klubbar oppdagar feil i nokon av kastnøklane under brukt må dei melda frå om dette til forbundet v/NC koordinatoren.

Til slutt vil eg ønske lykke til med sesongen til alle klubbar og kastere.
Ta gjerne kontakt dersom spørsmål.

Lindås april-2026

Lars Arne Kolås

Tlf. 934 56 738

e-post: larsarnekolaas@gmail.com

-NC koordinatør-